

Førjulstonar med dei yngste

15.12.2009



Victoria Andersen og Hermund Døssland spelar saman med lærar Thomas Haave Backe. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Juletradisjonane står i kø og tysdag kveld kom turen til kulturskulen sin førjulskonsert i Helgheim. Der viste elevane frå Uskedalen kva dei har lært i det siste og det vart ei fin kveldsstund med lovande tonar. Rundt rekna 20 unge musikarar var i aksjon og repertoaret hadde naturleg nok eit julepreg.



[Åshild Bjørnebøle og Ingeborg Huse Bjørnebøle spela violin. \(Foto: Ola Matti Mathisen\)](#)

Utan forkleinelse for dei andre tillet vi oss å trekka fram gitar-duoen Victoria Andersen og Hermund Døssland, som spela ein julemedley og eit tema frå Gudfaren og imponerte stort.

Men så inngår dei da også i eit gitarorkester med 11 medlemmer som riktignok starta for stutt tid sidan men som allereie må ha kome langt.

I det heile var det gitaristane som markerte seg mest i konserten, til dømes trioen Eivind Bjørnebøle, Andreas Hjelmeland og Vegard Ripel. Emil Bakke Berntsen, Solveig Haugland og Mats Stueland Olsen spela også dette instrumentet.

På althorn fekk vi høyra Stine Soldal og Karen Brede Pedersen medan duoen Mia Storevik Myklebust og Emilie Bringedal spela baryton. På kornett spela Harald Myklebust Lekva og Sunniva Tysland Myklebust.

Fiolinistane denne gongen var Gunn Kristin Raudstein, Åshild Bjørnebøle og Ingeborg Huse Bjørnebøle. Lærarane Anders Christensen, Glena Pasichnyk og Thomas Haave Backe hjalp elevane sine gjennom programmet og har all grunn til å vera fornøgde med dei så langt.

Av Ola Matti Mathisen



Stine Soldal spiller althorn sammen med lærer Anders Christensen. (Foto: Ola Matti Mathisen)